

Politiske møte

Møre og Romsdal fylkeskommune sitt øvste politiske organ er fylkestinget.

- Det vart gjennomført seks (14 møtedagar) fylkestingssamlingar i 2022. Her vart det behandla til saman 113 saker.
- Fylkesutvalet, som er fylkestinget sitt arbeidsutval, hadde 20 møtedagar og behandla 186 saker.

I tillegg har det vore orienteringar frå bedrifter, organisasjonar og kompetansemiljø i Møre og Romsdal.

Fylkeskommunen har tre hovudutval, ei plannemnd og seks rådgivande utval.

Fylkesting, fylkesutval og hovudutval

Utval	Tal på rep.	Leiar
Fylkestinget	47	Tove-Lise Torve (Ap)
Fylkesutvalet	13	Tove-Lise Torve (Ap)
Klagenemnda	13	Tove-Lise Torve (Ap)
Kontrollutvalet*	5	Terje Hals (Nml)/ Hans Kjetil Knutsen (SUNML)
Kultur, næring- og folkehelseutvalet**	13	Marit N. Krogsæter (Sp) / Henrik Stensønes (Sp)
Samferdselsutvalet	13	Kristin Sørheim (Sp)
Utdannings- og kompetanseutvalet	13	Per Ivar Lied (Sp)

* Val av nytt kontrollutval. Ny leiar Hans Kjetil Knutsen, T-60/22

** Marit Nerås Krogsæter permisjon i tida 05.08.2022-05.01.2023, T-62/22

Rådgivande utval

Utval	Tal på rep.	Leiar
Ungdommens fylkesting		Niels Adon Leenders *
Ungdomspanelet	9	Niels Adon Leenders*
Fagskolestyret	9	Per Ivar Lied (Sp)
Eldrerådet	7	Anne Lise H. Følsvik
Rådet for personar med nedsett funksjonsevne	8	Siv Katrin Ulla Hagala (Ap)
Utbyggingsutval for bygg og vegsaker	5	Anders Riise (H)
Yrkesopplæringsnemnda	10	Elin Ous (NHO)

* Niels Adon Leenders vart valt som leiar under ungdommens fylkesting november 2022, og tok over

etter Erika Ruiz Solhjem.

Oversikt over aktivitet 2021-2022

	Møte 2022	Saker 2022	Møte 2021	Saker 2021	Utgifter 2022	Utgifter 2021
Fylkestinget	4	113	4	116	16593	15051
Fylkesutvalet	20	186	18	177	**	**
Klagenemnda	2	3	7	24	**	**
Kontrollutvalet	10	55	10	58	531	782
Samferdselsutvalet	12	107	12	107	1517	1275
Utdannings- og kompetanseutvalet	10	47	7	42	1353	1395
Kultur-, næring- og folkehelseutvalet	12	146	11	127	1532	1170
Ungdommens fylkesting	3	8	1	13	1101	952
Ungdomspanelet	21	30	14	47	***	***
Fagskolestyret	6	54	4	23		
Eldrerådet	5	20	4	22	227	184
Rådet for personar med nedsett funksjonsevne	4	15	4	17	176	157
Utbyggingsutval for bygg og vegsaker	9	37	9	41	720	788
Yrkesopplæringsnemnda	4	19	3	12	181	124

Saker= ordinære saker, ikke referatsaker

Utgiftene er oppgitt i 1000 kroner


** Fylkesting + fylkesutval + godtgjersle fylkesordførar, fylkesvaraordførar og andre medlemer + representasjon

*** Ungdomspanelet + arrangering av Ungdommens fylkesting + Ungdomsmidlane (250 000 kr)

Politikarane våre

Politisk organisering

Politisk organisering Møre og Romsdal fylkeskommune



Du kan lese meir om dei ulike politiske utvala og råda på mrfylke.no

Fylkesordførar Tove-Lise Torve

Tove-Lise Torve representerer Arbeidarpartiet, og satt som fylkesordførar fram til 31.12.2022.



Fylkesordførar Tove-Lise Torve (Ap)

Fylkesutvalet



Fylkesutvalet fv: Hans-Olav Myklebust (FrP), Yvonne Wold (Sv), Kristin Marie Sørheim (Sp), Anne Marie Fiksdal (FrP), Monica Molvær (H), Geir Asle Stenseth (FrP), Randi Walderhaug Frisvoll (KrF), Line Hoem (Ap), Anders Riise (H), Carl Johansen (MDG), Pål Farstad (V) og fylkesordførar Tove-Lise Torve (Ap). Ikkje til stades: Jan Ove Tryggestad

Medlemmar av fylkestinget 2019-2023

Fylkestinget som var valt inn hausten 2019.

Arbeiderpartiet	Senterpartiet	Fremskrittspartiet	Høyre
Tove-Lise Torve	Kristin Marie Sørheim	Frank Sve	Torgeir Dahl
Line Hatmosø Hoem	Jan Ove Tryggestad	Jan Steinar Engeli Johansen	Anders Riise
Eva Mariann Vinje Aurdal	Marit Nerås Krogsæter	Anne Marie Fiksdal	Monica Molvær
Jack Narve Sæther	Ingunn Oldervik Golmen	Gunnhild Meringdal	Kjersti Andersen
Hanne Notøy	Per Ivar Lied	Hans Olav Myklebust	Falk Daniel Øveraas
Mellvin Arvid Steinsvoll	Tove Henøen	Håkon Lykkebø Strand	Bente Bruun
Siv Katrin Ulla Hagala	Henrik Stensønes	Roger Bach	Heidi Nakken
Hege Merethe Gagnat	Bernt Venås	Geir Asle Stenseth	
Lilly Gunn Nyheim	Vebjørn Krogsæter		
Kristeleg folkeparti	Sosialistisk venstreparti	Miljøpartiet De Grønne	Nordmørslista
Randi Walderhaug Frisvoll	Yvonne Wold	Carl Johansen	Elisabeth Jørgenvåg

Harry Valderhaug	Kim Thoresen	Joakim Skaar	Terje Hals
Victoria Smenes	Anders Lindbeck		
Rødt	Sunnmørslista	Venstre	Uavhengig valliste for Sunnmøre
Silje Alise Ness	Hans Kjetil Knutsen	Pål Farstad	Bjarne Kvalsvik

Ung medverknad

Ungdommens fylkesting (UFT)

UFT er ungdommane sitt øvste politiske organ i fylket. Dei diskuterer viktige saker som gjeld ungdom i fylket. Ungdommens fylkesting skal bestå av ungdom frå 13 og 19 år med folkeregistrert adresse i Møre og Romsdal.

Kommunane i Møre og Romsdal blir invitert til å sende to til tre delegatar til ungdommens fylkesting. Kommunar større enn 20 000 innbyggjarar får sende tre delegatarar. Desse blir valt av sine ungdomsråd. Ungdomspanelet inviterer i tillegg inntil ti delegatarar frå organisasjonar som representerer ungdom til UFT.

Ungdommens fylkesting skal gi ungdom meir innflytelse, opplæring i korleis dei kan delta i demokratiske kanalar og bidra til å auke ungdom sitt samfunnsengasjement.

Ei viktig oppgåve for UFT er å lage strategidokument for ungdomspanelet, UFT sitt arbeidsutval med faste møte gjennom heile året. Denne fekk i år nemninga [Ung stemme – ungdomspolitisk program for Møre og Romsdal](#).

Ungdommens fylkesting vart i 2022 arrangert 18.-20. november i Molde.

Ungdomspanelet

Under Ungdommens fylkesting blir det innstilt nytt ungdomspanel (UP). Ungdomspanelet har ni faste og fem varamedlemmar. Medlemane blir formelt valt av fylkestinget.

Ungdomspanelet har i perioden 2021/22 hatt 8, der 2 var digitale. Møta blei arrangert over heile fylket og dei har behandla totalt 36 saker. I tillegg til eigen møteverksemeld har Ungdomspanelet deltatt aktivt i ei rekke forskjellige møte, fylkeskommunale prosjekt, grupper, forskjellige samarbeid, konferansar og hovudutvalsmøte. Panelet har også planlagd og gjennomført Ungdommens Fylkesting 2022. I tillegg planla og gjennomførte UP to Erasmusprosjekt, eit med ei gruppe ungdom frå Polen med gjensidig utveksling og eit saman med dei andre fylkesungdomsråda i Norge. [Dette kan du lese meir om i årsrapporten.](#)

Ungdomspanelet 2022/2024

- Niels Leenders, leiar
- Vilde S. Kvalvik, nestleiar
- Nikola Bileska, medlem
- Ola Fredriksen Orset, medlem
- Tuva Johanne Rypdal Hovden, medlem
- Kristine Dimmen, medlem
- Rikke Frilund, medlem

- Kasper Dalhaug, medlem
- Mads Ødegaard Harstad, medlem
- Ida Fjærstad, vara
- Iver Aarebrot, vara
- Magnus Smørdal, vara
- Lisa Marie Nikolaisen, vara
- Guro Rørseth Flatmo, vara



Ungdomspanelet 2022-2023, Foto: Magnar Fjørtoft